

Til

post@kinn.kommune.no

Førde 18.10.2023

Dette brevet er sendt på vegne av Norges Jeger- og Fiskeforbund Sogn og Fjordane, DNT Sogn og Fjordane, Naturvernforbundet Sogn og Fjordane og Naturvernforbundet i Kinn kommune.

Kommuneplanens arealdel 2023-2033, Kinn kommune Høringsfråsegn

FNF er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsorganisasjonar i Sogn og Fjordane, som arbeider for å ta vare på natur- og friluftslvsinteresser i fylket. Per i dag er det 13 organisasjonar tilslutta FNF. Organisasjonane representerer rundt 19.000 medlem i fylket.

Forum for natur og friluftsliv (FNF) er opptatt av å ta vare på naturgrunnlaget kommunane har og fremme eit allment tilgjengeleg friluftsliv i kommunen. Derfor kjem vi her med nokre innspel til kommuneplanen sin arealdel som vil ivareta dette.

Oppsummert meina FNF at:

- handtering av både klima- og naturkrisa vi krevje ei vesentleg omlegging av all naturforvaltning i Noreg.
- for å minske tapet av natur, samt bremse den globale oppvarminga, må måten vi forbruker areal på dramatisk ned
- natur har stor eigenverdi, den gir oss mange goder i form av økosystemtenester, er viktig for folkehelsa og den hjelper til å forebygge global oppvarminga om den får fungere som den skal
- vi må redusere forbruket av naturressursar og energi for å halvere utslepp av klimagassar og skape et berekraftig lågutsleppssamfunn.
- det sprikar for mykje mellom visjon, arealstrategiar og kommunekart i praksis i den nye arealplanen
- det er spesielt dårleg praksis å planlegge store utbyggingar for industri i strandsona og sjø
- ein bør, som eit grunnlag i naturforvaltninga, unngå reduksjon og fragmentering av natur og viktige økosystem, som dei ein finn i strandsona, fordi det fører til tap av natur.



- Kinn kommune må ta naturkampen og satse på natur ved å lage gode langtidsplanar for arealbruk, investere i kompetanse, oppdatere kunnskapsgrunnlaget når det kjem til naturverdiar og unngå bruken av dispensasjonar som gjer naturen svært utsett for bit-for-bit nedbygging.
- resultat og verdifesting av natur etter kartlegging av natur må tas betre til følge.
- all natur ligg i ein kommune. Kommunen har derfor eit stort ansvar for forvaltninga av denne og for å nå store nasjonale klima- og naturmål.
- det likevel finst ei tydeleg og dramatisk prioritering av Næringsutvikling over Naturmangfald, særleg i strandsona og i sjø, som vi ikkje er nøgd med.
- det er positivt at kinn kommune planlegg eigen temaplan for Naturmangfald.
- ein slik temaplan må innehalde grundige kartleggingar av naturen som finst, samt konsekvensutredningar for tap av natur og oversikt over moglegheter for- og plan for restaurering av natur.
- ein slik temaplan også bør innehalde ein strategi for nedkjemping av framande artar.
- mange naturtypar er viktige «bufferar» for konsekvensane av klimaendringar. T.d. myr som fangar opp store nedbørmengder og karbon frå CO₂ i atmosfæren.
- Kinn kommune bør ta Sabima sin Naturkamp og ha som mål å gjere det bra på dei kriteria som finst der, blant anna få arealreknskap inn i arealplanen.
- ein berekraftig arealpolitikk forutsett, i følge KS, at innsiktene om at all natur spelar ei viktig rolle i å motvirke klimaendringar, at det har størst effekt å ta vare på eksisterande urørt natur, og at øydelagt natur må restaurerast, får faktiske konsekvensar.
- At arealreknskap er eit viktig og nødvendig verktøy for arealforvaltninga.
- at bevaring av natur er folkehelse for alle. Friluftsliv i naturen er ein lågterskel aktivitet som skal vere open og tilgjengeleg for alle. Det er gratis og har mange helsegodar ved seg.
- arealplanlegging er svært viktig for å nå måla om god tilstand i alle norske vatn.
- utbyggingar av større hyttefelt og nedbygging av strandsoner og vassdrag blir unngått.
- ein bør vise stor varsemd og unngå store utbyggingar i strandsona og på utfyllingar i sjø
- ein kan finne gode arealeffektive løysingar for industri ved sjøen
- prosessen med grundig oppvask i reguleringsplanar, der det ikkje føreligg byggesaker, og der reguleringsplanane er gamle og utdaterte er viktig og nødvendig.
- det trengst ei gjennomgang og kartlegging av reguleringsplanar i LNF-områder og håper kommunen vil ta ut dei områda som vil påverke natur- og friluftslivsverdiar negativt i ny arealdel.
- Kinn kommune må unngå nedbygging og omdisponering av areal som er viktige for naturmangfaldet og naturgode som klimagassopptak og karbonlagring.
- det trengs ein gjennomgang og utviding av grønstruktur og omsynssoner, i arealplanen, spesielt for bevaring av naturmiljø og for friluftsliv.
- omsynssone naturmiljø bør utvidast.
- Kinn kommune har viktige naturverdiar å bevare i sjø og på land og FNF meina at det ikkje blir vektlagt nok verdi på fleire viktige naturtypar.
- det er viktig med LNF-områder og omsynssoner som er av ei viss storleik. Små fragmenterte og isolerte naturområde er ikkje hensiktsmessig.
- det trengst nye og reviderte føresegrar som styrker natur- og friluftslivsinteressar.

- FNF krev at Kinn kommune vil vurdere naturverdiar og naturmangfald i alle noverande og framtidige utbyggingar.

Under vil vi argumentere for våre synspunkt.

Fråsegn til planomtale

Bakgrunn: Globale kriser – Nasjonale avtalar - Kommunale utfordringar

Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane (heretter FNF) ynskjer å takke for moglegheita til å spele inn våre fråsegn til ny arealplan for Kinn Kommune. To store globale kriser pregar verda i dag – naturkrise og klimakrise. Naturkrise går først og fremst ut på at biologisk mangfald er under sterkt press og den største trusselen er arealendringar, på land og i hav. Medan klimakrise forverrar situasjonen for biologisk mangfald, så vil naturtap forsterke dei negative konsekvensane av klimakrise. Desse krisene heng derfor tett saman.

Som følge av dette signerte Noreg i 2022 den globale naturavtalen, som seier at vi skal verne 30 prosent av hav- og landområda våre, restaurere 30 prosent av våre øydelagde naturområde og bruke all natur på en helt anna måte enn før. I tillegg kjem måla om å kutte klimagassutslepp. Dette er fordi at ein anerkjenner at det er samanhengar mellom klimakrise og naturkrise.

Kva betyr det for kommunesektoren? Det har KS spurt Ciens om å finne svar på ved å lage ein samanfatning av tre sentrale spesialrapportar frå FN om klima og natur. Konklusjonen frå denne rapporten er at handtering av begge kriser vil krevje ei vesentleg omlegging av all naturforvaltning i Norge. Vi kan ikkje velge om vi vil handtere den eine krisen over den andre:

«Forskerne understreker at både reduksjoner av klimagasser og arealbruk betyr mye for hvordan begge krisene utvikler seg. Endringene pågår i et økende tempo. Vi trenger parallelt å tilpasse oss til de pågående endringene. Å ta vare på natur og bygge opp igjen ødelagt natur kan gjøre samfunnet mer robust mot klimaendringene, og samtidig ta vare på naturmangfoldet.»

Natur har stor eigenverdi, den gir oss mange goder i form av økosystemtenester, er viktig for folkehelsa og den hjelper til å forebygge global oppvarminga om den får fungere som den skal. Å ta vare på naturareal er viktig for FNF sine organisasjonar, og det er grunnlaget for eit berekraftig samfunn. For å drive aktivt og enkelt friluftsliv treng ein intakt natur – gjerne urørt. Endringar av areal og tap av naturareal medfører at viktige naturtypar og moglegheitene for friluftsliv i urørt natur forringast. For å minske tapet av naturen, samt bremse den globale oppvarminga, må derfor måten vi forbruker areal på dramatisk ned. Vi må redusere forbruket av naturressursar og energi for å halvere utslepp av klimagassar og skape et berekraftig lavutsleppssamfunn.

Føremålet med å ha ein arealplan i ein kommune er å vise samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Føremålet med rullering av planen er at ein kvart fjerde år oppdaterer rammer for arealdisponering i samsvar med Kinn kommune sine visjonar for utvikling av kommunen, oppdaterer nytt lovverk og nye nasjonale og regionale føringar.

Med dette som bakgrunn vil vi vidare kommentere Kinn kommune sin arealplan.

Visjon, arealstrategi og oppfølging av planprogrammet

Ein god overordna strategi for arealbruk hindrar bit for bit-utbygging av naturen. Ved god planlegging kan vi utvikle areal og grunnlag for næringsaktivitet som gir minst mogeleg negative konsekvensar både for natur og folk. FNF meina dessverre at det i den nye arealplanen sprikar mykje mellom visjon, arealstrategiar og kommunekart, det som i praksis ligg i planen.

Kinn kommune har ein visjon om å vere «gode på klima og miljø», og være ein «attraktiv kystkommune»; Til dømes står det i **arealstrategi nr. 3** at Kinn kommune ynskjer å «styrke viktige, blå-grøne samband mellom utbygging og nærliggande natur-, rekreasjons- og friluftsområde» og **arealstrategi nr. 4** seier at «utbygging av strandsona bør skje mest mogeleg konsentrert. I allereie utbygde område, der forholda tillèt det og konsekvensane ikkje blir negative, kan det vere aktuelt å nytte strandsona til bustad-, fritids- og næringsbygg». Likevel tykkjer vi dessverre at naturverdiane ikkje blir tatt tilstrekkeleg på alvor i den nye arealplanen ettersom planen opp til store utbyggingar i nettopp strandsona, med utfylling i sjø og planering av gruntvassområde og holmar.

Arealstrategien går imot to viktige generelle forbod; **forbodet mot utfylling i sjø** (foreining) og **forbodet mot utbygging i strandsona**. FNF ynskjer at ein i større grad tek inn over seg problemet med utbygging i strandsona – både naturverdiane her og tilgangen for allmenta som loverket er til for å beskytte. Loverket skal sikre allmenta best mogeleg tilgang langs sjøen. Friluftsløva sikrar ferdselsretten, mens arealbruken styres av plan- og bygningsloven.

Mudring, dumping og utfylling i sjø generelt er i utgangspunktet forbode fordi det «*kan føre til forurensning og negative effekter for miljøet*». Dette kan skje ved at «*sedimenter virvles opp og kan blant annet skade viktige naturverdier, kulturminner, og tekniske installasjoner i sjøen*».

Dei store areala gitt næringsutvikling i strandsona og på utfyllingar i sjø i arealplanen til Kinn kommune går imot nettopp dette. Det meina FNF er dårleg praksis. Strandsona bør spesielt beskyttast og blå-grøne samband er viktige for å oppretthalde viktige korridorar mellom naturområde. Ein bør, som eit grunnlag i naturforvaltninga, unngå reduksjon og fragmentering av natur og viktige økosystem, som dei ein finn i strandsona, fordi det fører til tap av natur.

Hovudgrep i planen

FNF ynskjer at Kinn Kommune tar naturkampen og satsar på natur ved å lage gode langtidsplanar for arealbruk, investere i kompetanse, oppdatere kunnskapsgrunnlaget når det kjem til naturverdiar og unngå bruken av dispensasjonar som gjer naturen svært utsett for bit-for-bit nedbygging.

Utfordringa her blir jo det at arealplanen til Kinn kommune har eit hovudgrep om Næringsutvikling og eit om Naturmangfald, med ekstra fokus på sjøområde, men slik FNF les arealplanen er det ei tydeleg og dramatisk prioritering av Næringsutvikling over Naturmangfald, særleg i strandsona og sjø. Det er vi ikkje nøgd med. Det er veldig bra med kartleggingsrapportar, det gir kunnskap, men når områder med høge naturverdiar likevel blir nedprioritert til fordel for næringsutbygging, så reagera vi. Kvifor får ikkje resultat av naturkartlegging større konsekvenser?

Mål for naturmangfald

All natur ligg i ein kommune, så for å jobbe mot å nå nasjonal klimamål og naturavtalar må alle kommunar på bana. Ein god start er å leggje gode planar for bruken av areal som tek omsyn til

naturverdier og viktige økosystemtenester. Dette arbeidet bør være forankra i oppdatert kunnskap om korleis naturen fungerer, kompetanse på naturforvaltning og arealnøytralitet.

Direkte frå KS: «All natur, og særleg den relativt uberørte, spiller en viktig rolle i å motvirke klimaendringar. Ødelagt natur kan og må restaureres, men størst effekt og mest kostnadseffektivt er å ta vare på eksisterende natur uten fysiske inngrep. **En bærekraftig arealpolitikk forutsetter at slike innsikter får konsekvenser.** *Ciens mener norsk kommunesektor har en viktig rolle å spille som arealmyndighet. Samtidig er statlig arealbruk vesentlig. Veier, vassdrags- og vindkraftutbygging, næring, bolig- og hyttebygging påvirker norsk natur mest. Når leveområder oppsplittes og/eller bygges ned, forårsaker dette noen av de største klimagassutslippene, fremhever Ciens.»*

FNF meina at alle kommunar bør ha en kommunedelplan for biologisk mangfald for å sikre at viktig natur i kommunen er kartlagt og kjent, både for innbyggjarane, utbyggjarar og beslutningstakarar i kommunane. Det er derfor positivt at Kinn kommune har planar om ein Temaplan for Naturmangfald. Kommunen bør i den få til nye **kartleggingar av naturverdier og konsekvensutgreie** kva tap av desse naturverdiane vil sei for befolkninga og samfunnet i Kinn kommune. Dei bør også få på plass ein **strategi for nedkjemping av framande artar**. Ein slik temaplan må også innehalde oversikt over moglegheiter for- og plan for restaurering av natur. må også **restaurere natur som er øydelagd**. Mange naturtypar er viktige «buffarar» for konsekvensar av varsla klimaendringar. Til dømes er **myr** viktig for å lagre karbon, altså CO², på land, frå atmosfæren. Samstundes sug den opp mykje av den auka nedbøren vi kan forvente oss med klimaendringane.

Eit hjelpemiddel på vegen kan vere å bruke Sabima sin rangering over kor godt kommunane i landet gjer det – når det kjem til natur- areal, - bevaring av natur, naturtypar og biologisk mangfald, **Naturkampen;**

«På Naturkampen.no rangeres landets 356 kommuner etter 29 indikatorer som sier noe om hvordan kommunen ivaretar naturen. Hver indikator er basert på fakta fra kommunenes egne plankart, deres rapportering i KOSTRA, tall fra Miljødirektoratet, tall fra Fiskeridirektoratet og kommunenes svar på spørreskjema fra Sabima».

Å ta vare på viktige naturverdier oppnåast ved å, for eksempel:

- unngå å bygge ned natur generelt, men også unngå nedbygging av spesielle, viktige naturtypar som myr og naturtypar i strandsone
- oppdatere arealplanen – som dykk jo gjer no, men ta med oppdatert kunnskap om natur
- investere i naturkompetanse i kommunen
- lage gode arealplanar som unngår at ein misbrukar dispensasjonar, som ofte gjer at natur blir nedbygd bit-for-bit.
- Det er viktig å lage gode planar som er framtidsretta og kunnskapsbaserte og ser naturen og anna areal i ei heilheit og ikkje bit-for-bit.

Vi legg og merke til at det ikkje er nemnd grøntareal under hovudgrepet Senterstruktur og bustadbygging, som, saman med nærturområder er veldig viktige grep for god folkehelse. Nærturområder er de viktigaste lågterskeltilboda. Desse kan brukast uavhengig av alder og ferdigheiter. Vi ønsker derfor at det er maks 500 meter til nærmaste turveg frå der folk bor.

Arealforvaltning – kommunens hovudansvar

Kommunane har ei svært viktig rolle som arealmynde. Politikarane har stor makt når dei prioriterer bruken av areala i kommunen sin. Ein berekraftig arealpolitikk forutsette, i følge KS, at innsiktene om at all natur spelar ei viktig rolle i å motvirke klimaendringar, at det har størst effekt å ta vare på eksisterande urørt natur, og at øydelagt natur må restaurerast, får faktiske konsekvensar.

Plan- og bygningsloven er det juridiske rammeverket som skal sikre forutsigbarheit i alle prosessar. Det lokale sjølvstyret står sterkt i Norge, og det fordrar at lokale makthavarar er sitt ansvar bevisst. Kommuneplanens arealdel kan bli eit effektivt verktøy som kan ta betre vare på lokal natur.

Med all ny kunnskap vi har om korleis klimakrise og tap av naturmangfald heng saman, bør gamle reguleringsplanar bli gjennomgå i en kommuneplanprosess, og endrast om dei ikkje lenger lever opp til dagens omsyn til klima og miljø.

FNF meiner det er positivt at kommunen har rydda godt når det kjem til akvakultur og fjerna fleire areal som ikkje har vore tatt i bruk, eller som har vist seg ueigna til formålet. Det må kommunen gjere med fleire reguleringsplanar også og vi ser positivt på prosessen Kinn kommune har satt i gong med dette arbeidet.

Kva verkemiddel har kommunen?

Her vel FNF å vise direkte til KS sin artikkel om Ciens samanfatningsrapport (sjå kjeldelista):

Kommunesektorens virkemidler

Kommunene kan, gjennom sine mandat som planmyndigheter, sikre at store arealer som er viktige for naturmangfold og naturgoder forvaltes på en bærekraftig måte, påpeker Ciens. Samtidig trenger kommunesektoren drahjelp gjennom forsterkede og fornyede virkemidler fra staten for å lykkes. Ciens peker på tre typer aktuelle virkemidler:

Styrke beslutningsgrunnlaget

Naturmangfoldkompetanse og kapasitet til å arbeide med det hos lokale planmyndigheter er viktig. Blant annet etterlyser Ciens at arealregnskap, som belyser aggregerte effekter av arealbruken for naturmangfold og klima, tas i bruk.

Økonomiske virkemidler

Klima og naturhensyn kan styrkes i økonomiske systemer. Blant annet kan kommunenes inntektssystem revideres slik at det belønner kommuner som tar lokale grep for å bedre håndtere klima- og naturutfordringene og hjelpe kommuner til å dekke kostnadene knyttet til å ta større klima- og miljøansvar.

Regulatoriske virkemidler

Evalueringen av plan- og bygningsloven peker på at det er flere mangler i lovverket ut fra målet om å sikre en bærekraftig arealforvaltning. Blant annet mener forskerne at klima og naturmangfold bør vektlegges i formålsparagrafen. Å styrke regionale planer, innføre uavhengige kontrollorganer i miljøforvaltningen og generelt styrke rettsvernet til naturmangfold, jordvern og klimahensyn, trekkes frem som mulige veier å gå.

Arealregnskap

FNF ynskjer derfor at kommunen får inn **arealregnskap** i kommuneplanen, sjølv om den nye arealplanen si planomtale seier at «den totale nedbygginga av naturareal er vurdert til å vere nøytral eller positivt!», så er det heit naudsynt å innføre eit system er det lettare å sjå akkurat dette og ha etterprøvbare tal på det. Det kviler eit stort ansvar på kommunanes politikarar og administrasjonar for å ivareta naturen og moglegheita for å bruke denne. Omsynet til naturen må gjenspeilast i arealbruken og derfor også arealdelen av kommuneplanen! Vi anbefaler derfor kommunen å føre arealregnskap, for eigen del, for samanlikning med andre kommunar, og for å ha ei god og detaljert oversikt over natur- og friluftsverdiar no og for framtida for folket.

Vi ynskjer at kommunen har en arealbruk som tek vare på naturområde og naturmangfaldet, både for bruk og vern av naturen. For å nå dette målet anbefaler vi kommunen å skaffe seg eit kunnskapsgrunnlag ved å **kartleggje naturmangfald**. Då får kommunen kartlagt status, utfordringar og områder som manglar kartlegging, noko som vil gje kommunen eit godt grunnlag for å ivareta sine pliktar etter naturmangfaldlova. Det er ei god byrjing at Kinn kommune har vedtatt å ha ein eigen temaplan for Naturmangfald som inkluderer ei slik kartlegging. Denne planen må vurderast inn i alle noverande og framtidige utbyggingar av areal.

Folkehelse for alle

Vi ynskjer at kommunen lager en plan for **massehandtering** der status, utfordringar og behov, og ikkje minst mogleg samarbeid med andre kommunar skal utgreiast. Ei viktig oppgåve for kommunen blir å sikre nok grøne areal, nærturområde og tilgjengeleg uteareal, som skogholt, bekkedrag o.l., i direkte **nærheit til barnehagar og grunnskular**. Deler av skulekvardagen kan flyttast ut, barna blir meir fysisk aktive, de har større naturkontakt og får en større forståeleg av samspelet mellom natur og menneske.

Friluftsliv er ein lågterskel aktivitet som skal vere open og tilgjengeleg for alle. Dessverre ser vi at det er store sosioøkonomiske forskjellar i landet vårt, og vi veit at økonomi og helse heng saman. I Folkehelsemeldinga frå 2023 seier Regjeringa at dei vil prioritere folkehelsearbeidet og innsatsen mot sosiale helseforskjeller. FNF ønsker derfor at kommunen har en arealbruk som tek vare på ålmentas ferdsel- og opphaldsrett etter friluftslova. For å nå dette målet anbefaler vi kommunen å kartleggje eksisterande friluftsområde og bruken av disse. Da får kommunen kartlagt status og utfordringar, noko som vil gi kommunen et godt grunnlag for å leggje til rette for friluftsliv i samsvar med friluftslova.

Vatn

Kommunens arealplanlegging er svært viktig for å nå målet om god tilstand i norsk vatn. Gjennom arealplanlegginga kan kommunen sette restriksjonar på arealbruken for å ivareta naturmiljøet i og langs vassdrag, innsjøar, fjordar og sjøområde.

Hytteutbygging

Utbygging og bruk av fritidsbustadar med høg standard i fjell og utmark, langs vatn og vassdrag i låglandet og langs kysten/fjorden, krev areal og har konsekvensar for natur og miljø. Kommunen må få ein oversikt over kva som allereie finst av tomtereservar og fortettingspotensiale i eksisterande hytteområde og helst unngå utbygging av hyttefelt, spesielt i høgfjellet.

Strandsone

Kinn kommune har sjølve satt «viktige» prinsipp til strandsona som inkluderer krav om 30 m grense om vassdrag/sjø for å unngå nedbygging av strandsona. Det er viktig at dette ikkje berre gjeld privatpersonar. Som nemnt ser vi store næringsareal i strandsona og på utfyllingar i sjø i plankartet, som ikkje samsvarar med nemnte «viktige» prinsipp i Strandsona. Det kan ikkje vere slik at berre privatpersonar blir haldt ansvarleg for å overhalde desse prinsippa medan det, for nærings- verksemd og utbygging, er fritt fram.

FNF er klar over at det er mykje næring knytt mot sjø i Kinn kommune, men her har Kinn ein stor jobb å gjere. Det må kunne finnast betre-, meir arealeffektive løysingar for industri nær sjø, som hindrar irreversible endringar som øydelegg naturmiljøet. Dette må implementerast i arealdelen og utførast i praksis. Her er det veldig lite samanheng mellom mål og føresegner og kva som skjer i praksis. Utbygging i strandsona må konsekvensutgreiast, spesielt for naturverdiar på grunna, på sandbotn og på svaberg. Her er viktige naturtypar som har stor eigenverdi, verdi for fiskerier og friluftsliv.

Opprydding av gamle planer som ikkje passer til dagens mål

FNF støttar arbeidet med planvask gamle reguleringsplanar der det ikkje er gitt byggesak. Reguleringsplanar som er vedtatt etter et privat planinitiativ jf. pbl. § 12-11, og kor planen ikkje er realisert innan ti år etter at den er vedtatt, skal kommunen før avgjersle av byggesøknad for nye utbyggingsområde etter planen også sørge for at den i nødvendig grad er oppdatert, jf. § 12-4 femte ledd. Som nemnd over, er det viktig at oppdatert naturkunnskap blir lagt høg vekt i denne prosessen.

Kommunen må være klar over at dykk har makt til å endre vedtekne reguleringsplanar utan at dykk blir erstatningspliktige. Kommunane må lage et bilete av kor mykje natur som planleggjast nedbygd, og kva planer dykk kan ta ut. Kommunestyret står juridisk fritt til å oppeheve vedtekne reguleringsplanar, så lenge det ikkje føreligg ein godkjend byggesøknad. Jo eldre planen er, jo større grunn er det til å ta høgde for at planen kan endrast og området regulerast på nytt.

FNF støtter gjennomgang og kartlegging av reguleringsplanar i LNF-områder. Vi håper kommunen vil ta ut dei områda som vil påverke natur- og friluftslivsverdiar negativt i ny arealdel.

Kommunalminister Sigbjørn Gjelsvik uttalte i Stortinget i desember 2022 at dette står kommunane fritt til, og at dei i liten grad behøver å risikere erstatningsansvar:

«Det er allment akseptert at kommunen kan vedta slike arealplanar utan at grunneigar eller rettshavarar har krav på erstatning. Den klare hovudregelen er derfor at en kommune ikkje plikter å betale erstatning når kommunen endrar arealformålet for et område frå byggeområde til LNFR-formål».

Plankartet

FNF ynskjer å sjå ein gjennomgang og utviding av grønstruktur og omsynssoner, i arealplanen, spesielt for bevaring av naturmiljø og for friluftsliv. Plankartet til Kinn kommune viser store LNRF områder – det synes vi er veldig bra! Også særst fornøgd med at kommunen set av områder til bevaring av naturtypar og naturmangfald, men, vi syns områda er små og altfor fragmenterte.

Vi vil anbefale kommunen å utvikle eit eige, oversikteleg **temakart med grønstruktur/grøne trasear** som tas med som kunnskapsgrunnlag i arbeidet med arealdelen. (Sjå for eksempel temakart for grønstruktur i Lørenskog kommune). På denne måten kan kommunen sikre samanhengande blågrøne strukturar, grønne korridorar, smug og smett og turveier gjennom byggesonen i all planlegging.

Meir konkret ynskjer vi å framheve følgjande:

AREALFORMÅL, jf. pbl § 11-7

Kommunen må sørge for at areal til byggeområde ikkje plasserast på en sånn måte at det kan forringe eksisterande nye fjord- /kyststiar og turområde, hindre bruk for folk flest, jf. pbl § 11-7 nr. 1. I tillegg må kommunen sørgje for at naturmangfaldet ivaretakast ved plassering av alle nye byggeområder.

Kyststiar – i dette tilfelle - fjordstiar og mykje brukte turområde må leggjast inn i arealplanen med arealformål grønstruktur jf. pbl § 11-7 nr. 3. Det same må områder kor kommunen ønsker å leggje til rette for nye kyststiar og turområde.

OMSYNSSONER, jf. pbl § 11-8

Kommuneplanens arealdel skal i nødvendig utstrekning vise omsyn og restriksjonar som har betydning for bruken av areal. Kommunen må derfor sørge for å leggje inn i arealplanen viktige omsyn og forhold ved å leggje inn omsynssoner med tilhøyrande retningslinjer og føresegner. Soner med særleg omsyn til friluftsliv, grønstruktur, landskap og bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø må leggjast inn i arealplanen, det inkludera også vassdrags- soner.

Vidare må det leggjast inn retningslinjer om avgrensingar av verksemd og vilkår for tiltak for å ivareta interessa i sona og retningslinjer om kva omsyn som skal vektleggjast ved praktisering av anna lovgjeving så langt kommunen er tillagt myndigheit etter vedkommande lov, jf. pbl § 11-8 andre ledd bokstav c).

H560 – Omsynssone naturmiljø: Til grunn for omsynssone naturmiljø ligg kartlegging av naturtypar i viktige og svært viktige område (A- og B-verdi) i Naturbase (Direktoratet for naturforvaltning). I Flora kommune vart det i 2007 gjort ei omfattande naturtypekartlegging. I tillegg er det lagt inn nokre C-verdiområde der desse er i nærleiken av aktuelle byggeområde. I sjø er gyte- og oppvekstområde for fisk lagt i denne omsynssona, samt område med taesskog, skjelsand og ålegras frå DN Handbok 19. Områda på land er gitt nemninga H560_1, medan områda i sjø er gitt nemninga H560_2. For verna områder, sjå bandleggingssone H720.

Som omtala i NOU – rapporten 2013:10 «Naturens goder – om verdier av økosystemtjenester»;

«En viktig betingelse for fornuftig forvaltning av økosystemene og de tjenestene de gir oss er at vi har oversikt over tilstanden i naturen, og dermed grunnlaget for økosystemtjenestene, og over hva som påvirker den.»

Omsynssone for naturmiljø bør utvidast. Kinn kommune har viktige naturverdier å bevare og FNF meiner at det ikkje blir vektlagt nok verdi på fleire viktige naturtypar. Dette gjeld spesielt taeskoogen og ålegrasengene. Områda ved Litle og Store Terøya står fram som ein miljømessig verdifull del av Norddalsfjordbassenget.

Kinn kommune har store naturverdiar i sjø, ute i fjorden, tett inn på bykjerna og på land. Forslaga Kinn kommune om sprenging og utbygging på øyar, for utbygging av store industriområde, i strandsona og i grunnvassområde, og (starten på overtaking av eit heilt fjordsystem?), er så omfattande at det ikkje finst noko historisk samanlikningsgrunnlag og dette er spesielt eit prosjekt FNF meina må stoppast. Då må også mindre areal regulerast til industri i strandsona og sjø. Florø som by vil miste stort og viktig friluftslivs- og naturområde, nærnatur går tapt. Inngrepa vil vere irreversible. Naturøydelegginga vil vere i strid med Montreal-avtalen Noreg akkurat har underteikna. Viktige naturtypar på land og i hav vil verte øydelagt, økosystemtenester vil verte svekka. Det vil kome mange grønne tog og teknologiar framover, vi treng ikkje hoppe på dei som ikkje høver under våre forhold. **Kinn kommune bør velje ei grøn omstilling som høver byen og omgjevnadane**

Tareskog veks langs kysten, i sjø, på grunnare vatn. Tareskogen er svært viktige for det biologiske mangfaldet i havet. Tareskog er ekstremt rike på artar og antal individ: 2-300 artar er kjend frå stortareskog, truleg er det ein god del fleire. Det er ei svært produktiv naturtype og viktig oppvekstområde for småfisk.

Ålegrasengene veks der det er lettast å bygge ut i sjø, på grunna, i sandbotn, og er leveområde for mange forskjellige artar, anten heile livsløpet eller i tidlege stadium. Ålegrasengene er spesielt viktige oppvekstområde for torskefisk. Ålegrasenger finst berre flekkvis på sandbotn, på grunt vatn. Utfyllingspress gjer at slike enger stadig går tapt. I tillegg til direkte tap av leveområde, blir etterkvart også avstanden mellom ålegrasengene for lang til å krysse for mange organismar. Ålegrasenga på Little Terøy er viktig då den er sentral i høve til andre ålegrasenger i fjordsystemet om bør vernast om.

Heile fjorden nord for florelandet er **gytefelt** for torsk med verdi B, som gjer han regionalt viktig. Et er også registrert gytefelt her, for rognkjeks, nordsjøsei, makrell og kveite. Etter gyting treng fiskeyngelen stadar å vekse opp i ly for predatorar og det er registrert oppvekstområdet for torsk og sild heilt i grunn. Ute i fjorden finn vi gyte- og leveområde for reker.

Kinn kommune har også viktige naturtypar på land. Øyane i området har ikkje blitt prioriterte under tidlegare kartleggingar, men Little Terøya har blitt kartlagd i samband med anna arbeid, finn vi. Naturtypar som Kystlynghei, gammal fattig edellauvskog, rik edellauvskog og kystfuruskog er av stor verdi. **Myr** er ein særleg viktig naturtype for å bekjempe klimaendringar, og gir godt beite ved ekstrem tørke.

Det er viktig at områder satt av til vern av natur og naturtypar blir mindre fragmenterte. Mange områder er små og isolerte – dette vil i praksis ikkje vere bra for naturområde vi ynskjer å ta vare på. Det reelle området som blir bevart er grunna kanteffekten derfor mindre enn det totale arealet som ein ser bevart på kartet. Og det er inngrepsfrie naturområde som har størst verdi ettersom dei gir mest intakte økosystem. Og naturtypar og økosystem må vere intakte for å gi oss dei økosystemtenestane vi treng og er heilt avhengige av og biologisk mangfald spelar ei nøkkelrolle for alle typar økosystemtenester.

Føresegner

Vi ønsker nye og reviderte føresegner som styrker natur- og friluftslivsinteressar. Meir konkret ønsker vi å framheve følgjande:

GENERELLE FØRESEGNAR, jf. pbl § 11-9

Kommunen må sikre framtidig utbygging i kommunen ved å **stille krav til reguleringsplan** for nye tiltak, jf. pbl § 11-9 nr. 1. Plankrav vil sikre openheit, forutsigbarheit og medverknad for alle påverka interesser og myndigheiter, jf. pbl § 1-1 fjerde ledd, og gi et godt grunnlag for vidare byggesaksbehandling, jf. tredje ledd.

Kommunen må leggje inn **rekkefølgekrav** for å sikre etablering av grønstruktur før områder tas i bruk og tidspunkt for når områder kan tas i bruk til bygge- og anleggsformål jf. pbl § 11-9 nr. 4. Det same for tilkomst til grønstruktur.

I eksisterande og nye byggeområder må det stilles **krav til at alle bustadar har maksimalt 500 meter til friområde** (på minimum 20 dekar) eller nærmaste tursti/turveg som leder til slikt område, jf. pbl § 11-9 nr. 5.

Det må stillast krav til grønne korridorar og at det tas omsyn til eksisterande grønstruktur i byggesone (pbl. § 11-9, nr. 6)

Fragmentering av natur

Vegetasjonsbelter fungerer som flyttkorridorar for dyreliv og koplar naturområder saman som gir betre forutsetnad for at naturen og det biologiske mangfaldet.

Reduksjon og fragmentering av økosystemer er alvorlig og kan ende med tap av natur ettersom økosystem ofte treng ei viss storleik for å livnære seg over tid. Korridorar mellom naturfragment og storleiken på naturfragment er ofte avgjerande for om desse områda vil greie seg – og ein må ta dette med i forvaltninga av naturen i sin heilhet.

Samanhengande grønne korridorar og grøntdrag (uavhengig av formål) i byggesonen, inkl. forbindelsar til overordna friluftsområde, må sikrast og det må leggjast til rette for vidareutvikling av desse. Grønne korridorar og grøntdrag tek vare på både landskap, økologiske samanhengar og ferdelsårer. Gatetrær og alléar langs veier og stiar må sikrast opparbeida gjennom reguleringsplan.

Langs alle vassdrag inkl. bekker, vann og tjern, bør det oppretthaldast og om mogleg utviklast/vidareutviklast eit naturlig **vegetasjonsbelte** som tek vare på viktige økologiske funksjoner, motverkar erosjon og tener flaumsikring og friluftslivet, jf. pbl § 11-9 nr. 6.

Biologiske registreringar på relevant årstid må krevst ved alt reguleringsarbeid. Ved registrering av **framande artar** i planområdet må metode for tiltak mot desse artene beskrivast i reguleringsfråsegna, jf. pbl § 11-9 nr. 6.

Ved søknad iht. pbl §§ 20-1 og 20-2 skal det ved innsending av søknad gjere greiast for korleis **store tre eller anna verdifull vegetasjon er ivaretatt**. Dersom større trær fjernes eller skades, i strid med gitt løyve eller godkjent reguleringsplan, kan kommunen krevje satt opp fullverdige erstatningstrær. Jf. pbl. § 32-3. Det same gjeld for allébepantning eller enkeltstående trær som er regulert for bevaring innafør arealformålet trafikkområde eller annet formål langs veiene, jf. pbl. § 32-3.

Bygging av nye **fritidsbustadar i strandkanten er ikkje ynskjeleg**, men når det likevel skjer bør det være et rekkefølgekrav om at arbeidet ikkje kan begynnast på før kyststien er opparbeida og areal til badeplass er sikra eventuelt i avtale, jf. plan- og bygningsloven § 11-9 nr. 4.

Det bør komme klart fram av fråsegna kva som gir grunnlag for **dispensasjon** og ikkje i LNF områder og grønstruktur og kyst- og fjordsona. Nyleg lansert rapport frå KDD påpeikar **svakheiter ved**

dispensasjonssystemet der blant annet at LNFR-formålet i kommuneplanen tolkast i liten grad som et byggjeforbod og dermed blir det lav terskel for dispensasjon i dette området.

Ved etablering av parkering til småbåthamner skal det også tilretteleggjast for parkering til rekreasjons og friluftsmål.

Arealbruken må avklarast gjennom planprosessar

Til slutt ber vi kommunen sørgje for at arealbruken blir avklart gjennom planprosessar. Og at antall dispensasjonar frå plan går drastisk ned. Planlegging bidrar til samordning av statlege, regionale og kommunale oppgåver, og gir grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressursar, jf. plan- og bygningsloven § 1-1 andre ledd. I tillegg sikrar planlegging openheit, forutsigbarheit og medverking for alle rørde interesser og myndigheiter, og man sikrar langsiktige løysingar kor konsekvensar for miljø og samfunn er vurdert, jf. tredje ledd. Planlegging sikrar også at prinsippet om universell utforming og omsynet til barn og unges oppvekstvilkår tas vare på, jf. fjerde ledd.

Når arealbruken er avklart gjennom planprosessar, gir dette et godt grunnlag for vidare byggesaksbehandling. Vi ber derfor kommunen om å unngå en dispensasjonspraksis som kan motvirke de omsyn en planprosess tek vare på. En kommune som gjer mange unntak frå vedtekte langtidspanar, har manglande styring på arealbruken. Når lokalpolitikarar behandlar søknadar om dispensasjon, får dei mindre informasjon om konsekvensane av utbygginga. Frivillige organisasjonar får heller ikkje søknad om dispensasjon tilsendt på høyring, og det er dermed fare for at viktige verdiar ikkje blir tilstrekkeleg vurdert i søknadsprosessen. kommunen bør av den grunn etterstrebe null dispensasjonar frå plan.

Frivillige organisasjonar bidrar med viktige tiltak for å få folk i aktivitet. Dette fører til bedre fysisk og psykisk helse. Det er naudsynt å la lokale foreningar og lag bidra med all sin kunnskap og sitt engasjement i lokale prosesser, og anerkjenne den fantastiske ressursen sterke frivillige organisasjonar er i eit inkluderande og demokratisk lokalsamfunn.

Venleg helsing

Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane

Ket Fossen

Ket Fossen
Koordinator
FNF



Kjeldeliste

Arealnøytralitet

<https://www.sabima.no/et-arealnoytralt-norge/>

Artsdatabanken – Arealendringar største trussel mot biologisk mangfald

<https://artsdatabanken.no/rodlisteforarter2021/Resultater/Pavirkningsfaktorer>

Fiskeridirektoratet – gytefelt for torsk, rognkjeks, nordsjøsei, makrell og kveite nord for florelandet

<https://www.fiskeridir.no/Areal-og-miljo/Areal/Kystnaere-fiskeridata>

Folkehelsemeldinga – Stortingsmelding 15 (2022-2023)

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-15-20222023/id2969572/>

Framande arter

<https://www.sabima.no/hva-truer-naturen/fremmede-arter/>

IPCC (FNs klimapanel)

<https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/klima/fns-klimapanel-ipcc/dette-sier-fns-klimapanel/sjette-hovedrapport/>

IPBES (FNs Naturpanel)

<https://www.fn.no/nyheter/fns-naturpanel-menneskelig-aktivitet-truer-eksistensen-til-en-million-arter>

KS/CIENS Rapport – Naturkrisen og klimakrisen henger tett sammen

<https://www.ks.no/fagomrader/samfunnsutvikling/klima/naturkrisen-og-klimakrisen-henger-tett-sammen/>

Lovdata – Lov om vern mot forureiningar og om avfall (forureiningslova)

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1981-03-13-6>

Lovdata – Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen

https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2021-05-28-1666/KAPITTEL_3#KAPITTEL_3

Lovdata - Lov om friluftslivet (friluftsloven)

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1957-06-28-16>

Lørenskog kommune Temakart

https://www.lorenskog.kommune.no/f/p71/i78a79b60-7e1e-43b7-b4b7-dfe2d0a0b961/groennstruktur_20000_1.pdf

MDIR Inngrepsfri natur

<https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/overvaking-arealplanlegging/naturkartlegging/Inngrepsfrie-naturomrader/>

MDIR Mudring, dumping og utfylling i sjø

<https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/vann-hav-og-kyst/mudre-dumpe-utfylling/>

Naturkampen

<http://naturkampen.sabima.no/kommune/4602>

Naturrestaurering – kommunar kan søke midler gjennom Statsforvaltaren

<https://soknadssenter.miljodirektoratet.no/MidlerTilRestaureringAvV%C3%A5tmarkSkjema/Startside/Index?s%C3%B8knadstypeld=53>

Natur for livet – Stortingsmelding 14 (2015–2016) - 3 Internasjonle mål og norsk måloppnåelse

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-14-20152016/id2468099/?ch=4>

Naturens goder – om verdier av økosystemtjenester - Norges offentlige utredningar (NOU)

<https://www.regjeringen.no/contentassets/c7ffd2c437bf4dcb9880ceeb8b03b3d5/no/pdfs/nou201320130010000dddpdfs.pdf>

Strandsone (tilgang til)

<https://www.regjeringen.no/no/tema/klimatema/klimatema/friluftsliv/innsiktsartikler-friluftsliv/strandsone/id2076261/>

Økosystemtenester

<https://www.sabima.no/okosystemtjenester-naturens-goder/>

